



iPhone: Android:



Harpefossen

Skisenteret rundt

7 km

Tur nr. 14

www.harpefossen.no/turar

2 t

Relativt kort tur, men likevel med 500 høgdemeter. Du går opp til toppen av fjellheisen der det er god utsikt over dalen og fjorden. Ned igjen går du via skitrekket på Furuhogane og hyttegrenda.

Stikryss

Harpefossen / Tippabrua – Bjønnsletta – Furuhogane – Harpefossen Hyttegrend – Harpefossen / Tippabrua

Turbeskriving

Frå parkeringsplassen ved Tippabrua på Harpefossen (Varmestova) går turen 300 meter på grusveg opp forbi Varmestova og til heisbua for fjellheisane. Herifrå er løypa merka vidare opp og nordaustover langs Høgebakkløypa som går i overkant av hyttefeltet. Rett før løypa kryssar Fosseholtgrova (400 m) tek ein av rett opp og nordover Fosseholtløypa til ein kjem innpå skogbilvegane etter snaut 200 meter. Ein fylgjer so skogbilvegen vestover til ein passerar fjellheisane og kjem ut i hovudtraseen på Lystelihogen (300 m). Her fylgjer ein utforløypa rundt til toppen av fjellheisane på Steinane (1,3 km). Frå toppen av fjellheisane ser ein rett ned på Harpefossen og ein har god utsikt over heile Hjelmelandsdalen og ut over fjorden. Frå Steinane går løypa flatt innover Bjønnsletta mot toppen av Kjenndalsheisen. Når ein kjem innpå traktorvegen frå Furuhogane fylgjer ein denne ned til Furuhogane (1,4 km), etter kvart langs heistraseen for Kjenndalsheisen (600 m). Ein alternativ veg ned til Furuhogane er å fylgje stien som går langs Kjenndalselva aust for Kjenndalsheisen (1,6 km). Herifrå går turen ned att gjennom hyttefeltet før ein er tilbake ved utgangspunktet på Harpefossen / Tippabrua (3 km). Ein alternativ trase frå Furuhogane og ned er å fylgje Høgebakkløypa i overkant av hyttefeltet (2 km).

Turen passer for alle som er i rimeleg bra form og som klarer å ferdes i terrenget.

